

Naturtypar og biologisk mangfaldverdiar ved Storåna, Nes, Hjelmeland kommune – Notat av Audun Steinnes og John Inge Johnsen

I samanheng med søknad om løyve til å bygga Småkraftverk i Storåna, vart det klart for Fylkesmannen at kunnskapsgrunnlaget i Naturbasen, Artskart og i konsekvensutgreiinga i søknaden truleg var mangelfullt. Audun Steinnes, John Inge Johnsen frå Fylkesmannen og to lokalkjende, Ove Førland og Leiv Krumsvik var på synfaring 22.05.2017.

BN 00045001 Nes: Trollskogen. Området er kartlagt som rik edellauvskog, svært viktig (A-verdi) 25.04.2008 av John Bjarne Jordal. Synfaringa i 2017 prioriterte den nedre delen av området kor det er planlagt anleggsveg. Nye moment frå dette området ligg lenger nede i dette notatet. Dette vil bli innarbeid i nåverande tekst, utan endra avgrensing, naturtype eller verdi.

BN 00008839 HIS. Området er tidlegare kartlagt av Hjelmeland kommune/Ambio miljørådgiving 10.02 2003 som gammal, fattig edellauvskog, verdi viktig-B. Det er ingen tekst eller annan dokumentasjon i naturbasen. Det er derfor skrivne ein ny tekst for innlegging i Naturbase under med namnet Hialia. Denne teksten vil i første omgang bli redigert inn med nåverande avgrensing, men ei ny avgrensing vil seinare bli importert som går noko lenger mot aust. Området vart relativt grundig kartlagt på synfaringa, særleg nedre halvdel.

Omlegging av naturkartlegginga – døme Hialia

Naturtypedata i Naturbase frå området fylgjer DN-handbok 13 (HB 13) 1999 og 2007. Revisjonen frå 2014 inneber store endringar, særleg for oseanisk skog, og er det beste grunnlaget som kan leggest inn med kodar i Naturbase, sjølv om revisjonen vart stoppa i 2014. Det er nå i gang eit omfattande utgreiingsarbeid for å koma fram til ein ny kartleggingsmetodikk for naturtypar av nasjonal forvaltningsinteresse som skal erstatta HB 13 på sikt. Vi har funne det rett å både nytta faktaark frå 2014 og fleire utgreiingsrapportar for å vurdere verdiane i området:

- Boreale lauvskoger i Norge. NINA Rapport 367
- Fattig boreonemoral regnskog – et hotsothabitat. NINA Rapport 1169
- Forslag til terrestriske forvaltningsprioriterte naturtyper FPNT. NINA Kortrapport 41
- Verdisetting av naturtyper av nasjonal forvaltningsinteresse. NINA Rapport 1357

Vår vurdering er at det i Hialia er innslag av minst 7 av hovudnaturtypane i Revidert HB13 (2014):

- Rik edellauvskog
- Gammal edellauvskog
- Gammal boreal lauvskog
- Gammal låglandsblandingsskog
- Regnskog
- Beiteskog
- Haustingsskog
- Naturbeitemark

Nokon av desse kunne vore skilde ut som eigne areal, for andre er dette vanskelegare fordi variasjonen er mosaikkprega. Heile lia blir beita, men beitepreget er sterkast i vestre og nedre del i område med samanhengande lausmassar. Beitetrykket (sau og geit) er tilstrekkeleg til å

halda glenner i skogen opne som naturbeitemark. Beitepreget er tydeleg, utan at det er sett beiteskadar på bork, med variasjon frå rike til fattige utformingar. Vi har derfor vald Beiteskog (Nær trua-NT) som hovudnaturtype.

Store delar av skogen er prega av mykje – og mange artar lav og mosar på dei gamle stuvane, med artar av lungeneversamfunnet rikt representert. Taglmose (*Sphenobolopsis pearsonii*) er funne på steinblokkar nær elva. Denne kjenneteiknar boreonemoral regnskog (rapp. 1169) og er europeisk ansvarsart. Dette tyder på at den vassdragsnære delen har eit særleg fuktig lokalklima og kunne også vore klassifisert som regnskog. Store delar av lia kunne og vore klassifisert som «Skog med lungeneversamfunn» (Kortrapp. 41), ein naturtype som finst spreidd i landet og Europa, særleg i kystrok, men som har hatt sterk tilbakegang.

Hialia står i ei særstilling i fylket med eit høgt tal svært grove, men vitale stuvar av alm, ask og lind. Det er og noko styva bjørk, noko som er uvanleg i Rogaland. Delar av lia kunne vore avgrensa som haustingsskog, sjølv om det neppe har vore hausta av stuvane dei siste tiåra.

Dei varierte lausmassane i lia varierer frå grov, stabil ur, prega av ryemose til solvarm finare rasmark. Dette omfattar truleg varierte leveområde for insekt utan at dette er undersøkt. Dei mange aktuelle naturtypane seier noko om verdien av området. Det at typen vekslar over korte avstandar, aukar truleg det biologiske mangfaldet i området og gir grunnlag for eit stort mangfald i livsmiljø.

Hialia (ny naturbasetekst)

Innleiing

Området er undersøkt av Audun Steinnes, John Inge Johnsen, Ove Førland og Leiv Krumsvik 21.06.2017 på grunn av mangelfulle data i Naturbasen. Omtalen er skriven av Audun Steinnes på grunnlag av synfaringa og floralister frå Førland og Krumsvik. Lav og mosar er bestemte av John Inge Johnsen. Området er tidlegare kartlagt av Hjelmeland kommune/Ambio miljørådgiving som gammal, fattig edellauvskog, verdi viktig-B.

Stad og naturgrunnlag

Området ligg i ei sørvend li A for Nes i Årdal, N for Storåna, og NV for Sendingsfossen, 150-350 moh. Lokaliteten ligg i hovudsak i sørboreal vegetasjonssone, klart oseanisk seksjon (Sb-O2). Berggrunnen er augegneis, granitt og foliert granitt (NGU kart 250 000).

Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar

Området er samansett, med ulike naturtypar som dels er vanskeleg å klassifisera etter gjeldande system. Naturkartlegging er under omlegging, og eit nytt system for naturtypar av nasjonal forvaltningsinteresse som skal erstatta DN-handbok 13 er under utprøving (NINA-rapp. 1357). Nedre og vestre delen er dominert av store, tidlegare styva tre av lind, alm (VU) og ask (VU), men med eit viktig innslag av hassel og boreale tre som bjørk, selje og osp. Skogen er aktivt beita og open, og dei mest beita, jorddekte delane har karakter av glenner med naturbeitemark. Andre delar er prega av grov, stabil ur og blokker med uvanleg stor dekking av ryemose. Alt i alt er skogen lysopen, og feltsjiktet prega av beiting og dominert av gras og urter der beitedyra kjem til, som gulaks, smalkjempe, revebjølle, ryllik, blåklokke, bråtestorr, finnskjegg, kattedot, kystmaure, markfrytle og tiriltunge. Rikare delar har lågurtpreg med markjordbær, kvitveis, skogfiol, filtkongsllys, bergskrinneblom, mjødur, blåkoll, engrapp og fingerstorr. Austover blir innslaget av gammal bjørk større, her finst og litt ustyva ask og alm, noko som er uvanleg i fylket.

Dei grove stuvane har artsrik påvekst dominert av ryemose, flettemose, musehalemose og krypsilkemose og med bladlav av lungeneversamfunnet og ei rekkje skorpelav.

Langs Storåna opp mot Sendingsfossen finns grov blokkmark med store gamle styva tre av alm, lind, bjørk i eit fuktig miljø med rik mose og lavsamfunn på steinblokker og trestammar. Her veks taglmose (*Sphenolobopsis pearsonii*) som kjenneteiknar boreonemoral regnskog og er europeisk ansvarsart.

Artsmangfald

Fleire mosar med austleg tendens som er relativt sjeldne i Rogaland finst her : Ekornhale, stubbesigd (*Dicranum montanum*), glansmose, putehårstjerne (*Syntrichia ruralis*), reipmose (*Pterigynandrum filiforme*). Andre relativt sjeldne moseartar er: Skjerfmose (*Apometzgeria pubescens*), galleteppemose (*Porella aboris-vitae*), skuggeraggmose (*Anomodon rugellii*), vrangfellmose (*Neckera pumila*), hornflik (*Lophozia longidens*) og tagelmose (*Sphenolobopsis pearsonii*, nordvende blokker langs elva).

Lavartar med blågrønnalger i lungeneversamfunnet finst rikeleg, fleire av dei tyder på lang kontinuitet:

Sølvnever, kystnever, lungenever, skrukkenever, rundporelav, buktporelav, kystårenever, skjellnever, blanknever, muslinglav, filthinnelav, lodnevrenge, grynvreng, kystvreng, glattvreng, blåfiltlav, skålfiltlav (*Protopannaria pezizoides*), stiftfiltlav og grynfiltilav.

Raudlista artar er *Thelopsis rubella* (VU), *Gyalecta truncigena* (VU), bleikkraterlav (*Gyalecta flotowii* – VU), almekolsopp (nær trua-NT), bleik doggnål (*Sclerophora pallida*- NT), kystkorallav (*Bunodophoron melanocarpum* – NT). *Arthonia cf. muscigena* er evt. ny for Rogaland.

Edeltjørekuje (*Ischnoderma resinosum*-VU) er samla i austkanten av området i 2007 av Leiv Krumsvik.

Bruk, tilstand og påverknad

Det vart fotografert om lag 50 grove stuvar av lind, alm og ask, utan at det vart gjort forsøk på å fotografera alle. Det vart heller ikkje prioritert å måla dei, men ein askestuv hadde omkrins på 350 cm, og ein almestuv ser ut til å ha diameter på minst 2 m. I ARKO-prosjektet «Gamle edelløvrær-et hotspothabitat» har ein rekna alle tre med diameter over 40cm som gamle, dette gjeld svært mange her. Sekundærgreinene er stort sett rundt 20 cm, men det er få døme på at dei gamle stuvane bryt saman. Me såg eit døme på at desse delvis var saga av og låg på bakken, truleg for å unngå dette. Det er likevel ein god del daud ved i skogen. Det var og ein del styva selje og nokre bjørker, det siste er mindre vanleg. Det står ein uvanleg grov hassel ned mot elva.

Framande artar vart ikkje sett.

Skjøtsel og omsyn

Det er ønskeleg at beitinga held fram om lag som no. Sidan skogen er stor, kan det vera aktuelt å ta opp styvinga/haustinga i delar og laga nye stuvar der, helst etter ein skjøtelsesplan, men dei eldre ustyva trea av lind,alm og ask bør få utvikla seg vidare.

Heilskapleg landskap

Området er ein urørt og tradisjonell del av eit variert jordbrukslandskap med både skog og kulturmark.

Grunngjeving av verdi

Beiteskog står i raudlista for naturtypar som NT-nær trua, dette er i stor grad ein særleg velskjøtta, variert, og dels rik beiteskog. Dei gamle stuvane har eit stort innslag av bladlav frå lungeneversamfunnet, skog med lungeneversamfunn er aktuell som naturtype av nasjonal forvaltningsinteresse. Etter dei nye HB13- faktaarka (2014) har området innslag av både rik edellauvskog, gammal edellauvskog, gammal boreal lauvskog, gammal låglandsblandingsskog, regnskog, beiteskog og haustingsskog. Det er registrert 9 raudlisteartar, 6 sårbare (VU) og tre nær trua (NT).

Området er samla sett vurdert som «Svært viktig» (verdi A).

Tillegg, Trollskogen

Nedste del av området vart undersøkt av Audun Steinnes, John Inge Johnsen, Ove Førland og Leiv Krumsvik 22.05.2017 i samband med ein konsesjonssøknad om regulering av Storåna. Berre områda rundt traktorvegen og mellom denne og elva vart undersøkt.

Det er mange gamle stuvar av alm (VU), lind, og ask (VU) med rik lav- og moseflora, dei fleste med diameter rundt 1 m. Det er også ein del bjørk, hassel, osp og litt furu. Følgjande raudlisteartar vart funne: *Thelopsis rubella* (VU), bleik kraterlav (*Gyalecta flotowii* - VU), *Gyalecta truncigena* (VU), skorpefiltlav *Fuscopannaria ignobilis* (NT), almekolsopp *Hypoxylon vogesiacum* (NT), hornstry/ ringstry *Usnea cf. cornuta /flammea* NT- på furu.

På stuvane finst elles lavsamfunn med arter med blågrønalger av lungeneversamfunnet: rundporelav, kystnever, lungenever, blåfiltlav (*Pectenia plumbea*), blankårenever, grynvrenge, kystvrenge, lodnevrenge, stiftfiltlav og muslinglav.

Av mosar er glansmose og kystmose mindre vanlege. Ryemose finst i store mengder i ura.

Det er etter måten rikeleg med grov nattfiol i den gamle traktorvegen, denne går tilbake i fylket. Eit par eksemplar fuglereir står i vegkanten, denne er sett fleire stader nær vegen tidlegare år(LK) og er elles berre kjend frå 5 stader i fylket (Artskart). Skogvikke dominerer stadvis. Andre mindre vanlege artar er myske, filtkongslis, raudkjeks. Bergperikum og lundkarse (funnen tidlegare år -LK)